



Gloppen Camping og fritidssenter AS

Svar – Søknad om tilskot til næring- og samfunnsutvikling - Prosjekt: Visuell marknadsføring - Gloppen

Vi viser til søknad datert 01.04.2016 der de søker om tilskot til visuell marknadsføring av Gloppen. Prosjektet som er skissert i søknaden gjeld marknadsføring av reiselivet i ein kommune.

Fylkeskommunen yter midlar til Visit Nordfjord som har ansvaret for marknadsføring av reiselivet i Gloppen kommune. Fylkesdirektøren har difor vedteke å avslå søknaden og oppmodar søker om å ta kontakt med Visit Nordfjord om prosjektet. Avslaget er gjort med heimel i administrativ fullmakt.

De har høve til å klage på vårt vedtak innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no.

Eventuelle spørsmål knytt til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør for næring og kultur

Ingeborg Lysne Mcevoy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Klageskjema

Mottakar (ar)
Gloppen Camping og fritidssenter AS

Kopi til:
Birte Tuxen Bø, NKA

MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

1	Namnet på forvaltningsorganet/underinstans:	Næringsavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune
2	Mottakar/part:	
3	Klageinstans:	
4	Dato for utsendt vedtak:	
5	Adresse for innsending av klage:	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, eller postmottak.sentraladm@sfi.no

Du har rett til å klage over vedtaket.

Du kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal fyrst handsamast av underinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde vedtaket det vert klaga på (jf. rubrikk 1). Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følge av klaga, vil klaga bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Fristen Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, ber vi deg oppgje når du fekk denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har du særleg grunn til det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga. Du bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom du ikkje har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt du får grunngjevinga.

I klaga skal du skriva kva for eit vedtak du klagar på, og nemne den eller dei endringane som du ønskjer. Du bør også grunngje kvifor du klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når klaga skal vurderast.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. Du kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Du må i så fall vende deg til det forvaltningsorganet som har sendt deg denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan du også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis du skal gå fram når du klagar og om reglane for sakshandsaminga elles.